



Storfint muskarbesøk i Uskedalen: Eirik Gjerdevik(Pressefoto)

Det vert mykje både av humor og musikk i Uskedalen siste helga i august. Denne helga har nemleg Uskedal skulemusikk engasjert topp tubaisten Eirik Gjerdevik til å ha hovudansvar for fellesseminar for skulemusikantane i kommunen. Sjølv om godt over 2 meter høge Gjerdevik først og fremst er ein strålende og seriøs muskar, er han også i besittelse av eit ubeskriveleg humoristisk talent.



Eirik Gjerdevik mottar applaus etter å ha dirigert HUBB på jubileumskonserteren i 2011. Vi ser også solistane Tor Endresen og Frode Alnæs (med gitaren) samt nokre kjente ansikt blant musikarane. (Foto: Rolf Hestetraet)

Etter musikkstudiar i inn- og utland er Eirik Gjerdevik blitt ein av landets mest kjende tubaistar. Han er Yamaha sin tubasolist i Norden, og har hatt solistoppdrag i mange land i tillegg til at han er svært mykje brukt i heimlandet. Romania, Sveits, Australia, Færøyane og Bulgaria er nokre av landa som har hatt glede av å ha solistkonsertar med den store tubaisten. Gjerdevik er kjent for å krydra konsertane sine med humoristiske sprel i tillegg til musikalske framføringar på svært høgt internasjonalt nivå. Underteikna har opplevt han på fleire konsertar, og det vert alltid ein spesiell og god stemning og kontakt når Gjerdevik er framfor publikum. Sjølv om skulekorpsmusikantane kjem til å vera i sentrum under avslutningskonserten for seminaret 26. august, vil vi også få oppleva artisten Eirik Gjerdevik. Etter det vi kjenner til har han lova å ta med biekostyma si og framføra 'Humlens flukt' ('Flight av the Bumblebee') på tubaen sin. Han kan og sjå tilbake på plateutgjevsar og debuterte i 2005 med CDen 'Eirik the Viking'.

På seminaret 24.-26. august der skulemusikantane frå heile Kvinnherad samlast, vert han altså hovuddirigent. Tor S. Olsen i Uskedal skulemusikk har verkeleg gjort eit skup når han har engasjert Gjerdevik. Han er ein svært mykje brukt dirigent både på elitekorpsnivå og nedover på alle nivå til skulekorps. Alle trivest i lag med denne store mannen. Til seminaret har han også med seg eit knippe dyktige instruktørar frå sitt nettverk. Han skal m.a. ha med seg ein instruktør som er ekstra flink til å jobba med dei som nettopp er komne inn i korpsa.

Felleseminar for dei 3 skulekorpsa i kommunen er blitt årvisst. Det er 5. gangen det vert arrangert. Dette er eit strålende og viktig tiltak for skulekorpsarbeidet. Det gjev musikarane ein flying start på sesongen. Kvart år har det blitt gjennomført med støtte frå Sparebankstiftinga. Utan denne støtta hadde det ikkje vore mogeleg. Hovudansvaret for arrangementet går på omgang mellom korpsa.

Eg er sikker på at musikarane får det ekstra moro under seminardagane, og vi andre får glede oss til konserten. Då vert det garantert topp stemning i Aktivitetshuset i Uskedalen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Rolf Hestetraet og pressefoto med tilatelse frå musikaren.